

Liv Unneland,  
Alverflaten 278,  
5911 Alversund

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
30. 01. 2017	
Ark. saksnr. 14/1235	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Lindås kommune,  
Planavdelinga ved Frøydis Ones

## **MOGLEG GANGVEG FRÅ ALVERSUND BRU TIL ALVERSUND SKULE**

Eg viser til synfaring 03.01.2017 om mogleg ny gangveg frå Alversund bru til Alversund skule der følgjande personar deltok:

Frå Lindås kommune: Frøydis Ones, Terje Villanger

Frå gnr. 137/14: Liv Unneland, Stian Henanger, Åsa Alver, Anders Veland

Gnr 137/14 har opp gjennom åra avgitt grunn til ei rekkje offentlege føremål heilt sidan Alversund bru vart bygd. Steg for steg har bruket blitt redusert og med det grunnlaget for jordbruksdrift. Planane om ny Alversund bru vil endå ein gong føra til at 137/14 må avgi grunn. På denne bakgrunn vil det ikkje vera urimeleg om ein denne gongen også tek omsyn til grunneigar sine ønske om omregulering av deler av det nærarealet som no er LNF-område.

På møtet var det semje om at ein god trasè kan vera mellom Gabben Bensinstasjon AS og våningshuset til gnr 137/14 som skissert på vedlagte kartutsnitt. Den nye trasèen vil dela området mellom Våningshuset og Alversund skule slik at det vert ein teig sørom bensinstasjonen som er skild frå resten av 137/14 sitt lansbruksområde.

Ut frå ei nøktern, føreseieleg framtidsvurdering av gnr 137/14, finn ein det rimeleg om Lindås kommune kan gå inn for følgjande som del av ei totallysing som tilfredsstillar begge partar sine behov for arealdisponering:

1. Gnr 137/14 avgir grunn til ny gangveg mellom Gabben bensinstasjon AS og våningshuset til gnr 137/14.
2. Det vert sett opp ein permanent, estetisk utforma støyvegg mellom bensinstasjonen og våningshuset. Dette vert gjort straks arbeidet med den nye gangvegen tek til.
3. Området sør for bensinstasjonen og aust for den nye trasèen for gangveg vert regulert til næringsareal. (Merka som område I på kartet)
4. Området sør for jordkjellar og vest for den nye trasèen (merka som område II på kartet), vert regulert til bustadområde med ny grense mot våningshuset og mot resten av 137/14 si dyrka mark mot vest.
5. Området vest for ny trasè frå riksvegen mot nord til og med jordkjellar mot sør som høyrer til våningshuset (merka som område III på kartet), vert regulert til bustad og skild ut med eigne grenser.

Alver, 23.01.2017

Med vennleg helsing

Liv Unneland

*Liv Unneland*